



Saksmappe: 2017/1091
Sakshandsamar: AAL
Dato: 13.11.2017

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
73/17	Formannskapet	28.11.2017

Busstilskot til studentar i Bygland kommune

Saksprotokoll i Formannskapet - 28.11.2017

Handsaming:

Rådmannen orienterte om saka.

Endringsframlegg frå formannskapet på fyrste setning i innstillinga:
Bygland kommune refunderer utgifter som heiltidsstudentar (inntil 29 år) som tek høgare utdanning i Kristiansand har til busskort (gjeld periodekort).

Tilleggsframlegg frå ordførar:

Studentar frå Bygland som studerer ved studieplassar med liknande «lokketilbod» som Kristiansand har, kan søke om å få tilsvarande stønad frå Bygland kommune.

Røysting over rådmannen si innstilling med endringsframlegget:
Samrøystes

Røysting over tilleggsframlegget frå ordførar:
Samrøystes

Vedtak:

Bygland kommune refunderer utgifter som heiltidsstudentar (inntil 29 år) som tek høgare utdanning i Kristiansand har til busskort (gjeld periodekort). Ordninga trer i kraft frå 1. oktober 2017 og gjeld fram til juni 2018.

Kostnadane for 2017 vert dekkja opp med mindreforbruk på stillinga pedagogisk rådgjevar.
Kostnadane for 2018 vert innarbeidd i 1. tertialrapport 2018.

Studentar frå Bygland som studerer ved studieplassar med liknande «lokketilbod» som Kristiansand har, kan søke om å få tilsvarende stønad frå Bygland

Rådmannen si innstilling:

Bygland kommune refunderer utgifter som heiltidsstudentar (inntil 29 år) ved UIA (Kristiansand) har til busskort (gjeld periodekort). Ordninga trer i kraft frå 1. oktober 2017 og gjeld fram til juni 2018.

Kostnadene for 2017 vert dekkja opp med mindreforbruk på stillinga pedagogisk rådgjevar. Kostnadene for 2018 vert innarbeidd i 1. tertialrapport 2018.

Dette er ei prøveordning som skal evaluerast før 01.07.2018.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Kristiansand kommune har teke initiativ for å få studentar som studerer til å melde flytting til kommune. Dette får konsekvensar for Bygland kommune ved at ein mister innbyggjarar og dermed får reduserte inntekter. På heimesida til Kristiansand kommune står det følgjande:

«Kristiansand kommune ønsker flere innbyggere velkommen. Det gir kommunen nødvendige inntekter. Ved å tilby gratis busskort hele det første studieåret for studenter som melder flytting, ønsker kommunen å stimulere til at flere som kommer til Kristiansand også melder flyttingen til Folkeregisteret.»

Formannskapet her bede rådmannen om å legge fram sak for å få studentar til å bli buande i Bygland kommune.

Åseral kommune har vedteke ei slik ordning:

«Åseral kommune refunderer utgifter som heiltidsstudentar ved UIA har til busskort (gjeld periodekort). Ordninga trer i kraft frå 1. oktober 2017 og gjeld fram til juni 2018

Studenten skal ha folkeregisteradresse i Åseral og ordninga gjeld ut det året studenten fyller 25 år.

Dette er ei prøveordning som skal evaluerast før 01.07.2018»

(Periodekort kostar kr 495,- pr. måned for folk i alderen 20 år til 29 år.)

Vurderingar og konsekvensar

Rådmannen er svært negativ til utspelet frå Kristiansand kommune. Det er grunn til å tru at mange kommunar i Agder og resten av landet vil merke dette. Dette vil få store negative

konsekvensar for mange kommunar, fordi folketalet vil bli redusert. Det fører til lågare inntekter gjennom inntektssystemet (skatt og rammetilskot)

Grunnlaget for innbyggjartilskotet 2018 tek utgangspunkt i bustadadresse 1.7.2017. Denne ordninga vil ikkje påverke inntektene for 2018.

Det er difor viktig at flest mogeleg av studentane er busette i Bygland kommune 1.7.2018 for å sikre inntekta for 2019.

Kommunen ynskjer sjølvstund at våre ungdommar også i studietida er folkeregistrert i vår kommune. For å freiste ungdomane til å framleis ha bustadadresse i Bygland, vil vi gje heiltidsstudentar under 29 år ved UIA (Kristiansand) gratis busskort for gjenverande del av skuleåret 2017/2018. Dette er for at vi vil behalde dei unge busett i kommunen vår så lenge dei studerer. Studentane som er busett i kommunen får røysterett ved lokalval, som vi meiner er viktig slik at dei under studietida er med på å kunne påverke utviklinga av kommunen dei vonleg vil flytte heim til etter avslutta studie.

Det er i skrivande stund vanskeleg å sette ein kostnad på dette då ein ikkje har full oversikt over kor mange studentar det er tale om. Rådmannen vil difor tilrå at utgifter for 2017 vert dekkja opp med mindreforbruk på stillinga pedagogisk rådgjevar.

Bygland,

Rådmann

Vedlegg:

Melding om vedtak blir sendt til: